

# Kulturstrategi for Vestfold og Telemark, 2021- 2024

## Høringssvar frå Nes Nasjonale Dansarring

Det visast til høringsfråsegn frå Telemark folkemusikklag som vi i det store og heile sluttar oss til.

På same vis som fylkeslaget vil vi understreke den sterke posisjonen som folkemusikken og folkedansen har hatt i Telemark fylke og vi er uroa for at denne vil bli nedprioritera i det nye fylket når nye og fleire områder bli inkludera.

Høyringsdokumentet listar opp ei rekke mål og tiltak som det i og for seg er lett å vera einige i. Men vi er redd det neppe fins midlar/ressursar til å gjera noko med alle desse tiltaka, og saknar difor ei prioritering. Vi merkar oss at ein vil bidra til rekruttering innan folkemusikk og folkedans og at ein også vil bidra til auka kunnskap om dei same disiplinane. Dette meiner me er særleg viktig når det gjeld folkedans der ein over lengre tid har slite med rekrutteringa. Vi håpar difor at det prioriterast å etablere gode og langsiktige tiltak/prosjekt som kan bevare og styrke denne delen av kulturarven vår. Styrking og samarbeid med kulturskulane er viktig i denne samanheng.

Vi er kjent med at Kulturdepartementet arbeider med ein nasjonal strategi for folkemusikk og folkedans som snart skal vera klar. Det bør vera sjølvsagt at fylkeskommunens kulturstrategi også fangar opp denne i sin strategi.

### Konkrete forslag til supplement

#### 2.1.2. Tiltak

Under kulepunkt 1 (Samarbide med ...) Nytt o punkt: **immateriell tradisjons- og folkekultur**

#### 2.4.1 Mål

Nytt kulepunkt: **«Styrke den immaterielle tradisjons- og folkekulturen»**

Lunde/Gvarv 07.02.2021

Harald Omnes (s)